

Tabell 3. Telemålingar på Mæresmyra 1934.

	4. april		14. april		23. april		2. mai		11. mai	
	Ned på telen	Tele- djup	Ned på telen	Tele- djup						
Felt 125—126. Voll	0	19	1	23	13	10	21	1 ¹	—	0
Felt 89—90. Voll- plognad, såtid	1	24	2	26	13	13	19	7	—	0 ²
Felt 87. Lausåker	3	26	0	30	12	17	18	8	—	0
Greftefelt } 10 m.	1	25	2	24	14	11	17	5	—	4
lausåker } 30 m.	1	28	2	26	12	15	18	7	—	0
Udryka myr	0	29	0	29	6	23	14	12	—	0

¹ Ei tunn teleskorpe her og kvar. ² Teleklumper i ymse färer.

Året 1934 var eit utmerket år ved forsøksstasjonen. Det var god avling både med omsyn til storleik og kvalitet av alle vekster. Eg viser elles til det oversyn som er gjeve i «Meddeelsene» nr. 2 for 1935, side 41.

SAMANLIKNING MILLOM REINSÅDDE ENGVEKSTER PÅ GRASMYR

Av Hans Hagerup, myrkonsulent og forsøksleidar.

I «Beretning om Det norske Myrselskaps forsøksstasjons 9. og 10. arbeidsår 1916 og 1917» er det tidlegare gjort greide for liknande forsøk av Jon Lende-Njaa. Der vart omtala forsøk som var gått til og med 1918. To av desse heldt fram til 1922, det eine hadde då gått i 7 år, det andre i 8 år. Begge desse vert omtala pånytt her.

Av nye forsøk skal omtala 3 stk. som har lege ved forsøksstasjonen. Desse vart lagt i 1919, 1920 og 1924. Alle har lege på starrgrasmyr frå $\frac{3}{4}$ til 1 m. djup, lite til middels molda. Grøftinga har vore lik for alle felt, nemleg attlagde grøfter med 16 m.s avstand millom grøftene.

Felt 112 vart lagt på nydryka myr med moge bygg som oversed. Fylgjande grasslag var med og utsedmengdene pr. dekar som nedanfor:

I. Timotei (eigen avl) ... 3 kg.	VIII. Kvein (norsk) 3,5 kg.
IV. Engsvingel (dansk) ... 4 »	IX. Kvein (amerikansk) 3,5 »
V. Hundgras (dansk) ... 4 »	X. Timotei (finsk) 3 »
VI. Engrapp 4 »	XII. Raigras (engelsk) .. 3,5 »
VII. Engrevhale (eigen avl) 4 »	XIII. Sausvingel 4 »
	XIV. Stivsvingel 4 »

Forutan dei nemnde grasslag i reinsådd var det med desse blandingar millom grasslag og kløver:

II. Timotei	2,5 kg.	III. Timotei	1,5 kg.
Raudkløver	0,4 »	Raudkløver ..	0,4 »
Alsikekløver	0,4 »	Alsikekløver ..	0,4 »
	—————	Engsvingel	0,75 »
3,3 kg.		Hundgras	0,75 »
X. Timotei	2,0 kg.		—————
Engsvingel	1,0 »		3,8 kg.
Raudkløver	0,6 »		
	—————		
	3,6 kg.		

Her skal takast med oversikt over nedburden i vekstmånaderne mai—august i åra 1919 til 1927. Dette tidsrom omfatar åra dei sissste forsøka har gått.

	1919 mm.	1920 mm.	1921 mm.	1922 mm.	1923 mm.	1924 mm.	1925 mm.	1926 mm.	1927 mm.
Mai	20	58	120	81	80	49	25	36	35
Juni	124	79	97	78	82	72	78	30	20
Juli	30	88	97	35	72	51	55	75	39
August	107	52	109	70	52	146	118	74	114

Etter at dekkseden var utsådd med radsåmaskin, vart engfrøet sådd for hand på 132 kvm. store anleggsrutor og horva ned med ugrashorv og rulla med tung rull. Det er hausta 100 kvm. (10 × 10). Feltet er overgjødsla kvart år med mengder og gjødselslag som nedenfor opført (kg. pr. dekar). Antalet samrutor var tri.

1920: 20 kg. superfosfat, 20 kg. 40 % kalisalt, 20 kg. Norgesalpeter.
 1921: 20 » —»— 20 » —»— 15 » —»—
 1922: 20 » —»— 20 » —»— 15 » svovlsurammon.
 1923: 15 » —»— 20 » —»— 20 » Norgesalpeter

Mineralgjødsla er utsådd i slutten av april eller først i mai. Kvævegjødsla i slutten av mai, i 1921 dei første dagar av mai, då våren var uvanleg tidleg.

Dei ymse grasslag er hausta ved blømingstid, haustingsdatoen vert difor ulike for dei fleste slaga. Som eit medeltal for haustetidene (bløming) for desse 4 år skal her nemnast desse datoar:

Engrevehale	hausta	7/7
Hundgras		
Sausvingel	»	18/7
Stivsvingel		
Engrapp	»	21/7
Engsvingel	»	23/7
Kvein	»	25/7
Timotei og blandingar	»	31/7

210 SAMANLIKNING MILLÖM REINSÄDDE ENGVEKSTER

Tabell 1. Felt 112. Høyavlind i kg. pr. dekar for sådde og ikke sådde engtrøslag, med avlingsandel i prosent.

	1921			1922			1923			1924			1921/24		
	0/0	kg.	0/0	kg.	0/0	kg.	0/0	kg.	0/0	kg.	Sum	Medel-	kg.	tal	
I. Timotei	95	696	76,5	341	91	602	87,5	578	2237	559					
Ikkje sådde slag	5	37	23,5	105	9	62	12,5	83	287	72					
	100	733	100	446	100	684	100	661	2524	631					
II. Timotei	90	884	79,5	384	80,5	592	83	505	2375	594					
Raudkløver	6	59	•8,5	42	13,5	100	8	49	250	63					
Alsikekløver	3	29	1,5	7	1	7	1,5	9	52	13					
Ikkje sådde slag	1	10	10,5	52	5	37	7,5	46	145	36					
	100	982	100	495	100	736	100	609	2822	706					
III. Timotei	74	587	70,5	397	81	528	71	356	1868	467					
Raudkløver	10	79	4	23	1	7	4,5	23	132	33					
Alsikekløver	10	79	7	39	5	33	1	5	156	39					
Engsvingel	4	32	9	50	9,5	61	13	65	208	52					
Hundgras	1	8	3	17	0,5	3	1	5	33	8					
Ikkje sådde slag	1	8	6,5	37	3	20	9,5	47	112	28					
	100	793	100	563	100	652	100	501	2509	627					
IV. Engsvingel	85	325	83	272	89	395	88	391	1383	346					
Ikkje sådde slag	15	57	17	56	11	49	12	53	215	54					
	100	382	100	328	100	444	100	444	1598	400					
V. Hundgras	95	357	76,5	155	76,5	256	75,5	260	1028	257					
Ikkje sådde slag	5	19	23,5	47	23,5	78	24,5	84	228	57					
	100	376	100	202	100	334	100	344	1256	314					
VI. Engrapp	86	336	80	264	83	333	81	336	1269	317					
Ikkje sådde slag	14	55	20	66	17	68	19	79	268	67					
	100	391	100	330	100	401	100	415	1527	394					

VII.	Engrevehale	46	147	85	382	93,5	419	97,5	369	1317	329
	Ikkje sådde slag	54	173	15	47	6,5	29	2,5	10	259	65
		100	320	100	429	100	448	100	379	1576	394
VIII.	Kvein (norsk)	87	356	65	223	46,5	193	65	320	1092	273
	Ikkje sådde slag	13	53	35	120	53,5	222	35	173	568	142
		100	409	100	343	100	415	100	493	1660	415
IX.	Kvein (amerikansk)	90	423	57,5	254	43	212	63	357	1246	311
	Ikkje sådde slag	10	47	42,5	187	57	282	37	209	725	181
		100	470	100	441	100	494	100	566	1971	492
X.	Timotei	83	674	81,5	452	80,5	547	88	544	2217	554
	Raudkløver	13	106	8	45	2,5	18	—	—	169	42
	Engsvingel	3	24	6,5	36	6,5	43	0,5	3	106	27
	Ikkje sådde slag	1	8	4	22	11	75	11,5	71	176	44
		100	812	100	555	100	683	100	618	2668	667
XI.	Timotei (finsk)	99	836	95	468	93	615	88	601	2520	630
	Ikkje sådde slag	1	8	5	25	7	57	12	82	172	43
		100	844	100	493	100	672	100	683	2692	673
XII.	Raigras (engelsk)	89	157	Utgått	—	—	—	—	—	—	—
	Ikkje sådde slag	11	19	—	—	100	531	—	—	—	—
		176	—	—	—	—	531	—	—	—	—
XIII.	Sausvingel	98	282	86,5	106	84	175	—	—	563	188
	Ikkje sådde slag	2	5	13,5	6	16	33	—	—	54	18
		100	287	100	122	100	208	—	—	617	206
XIV.	Stivsvingel	95	221	93	114	69	158	—	—	593	198
	Ikkje sådde slag	3	12	7	8	31	71	—	—	91	30
		100	233	100	122	100	229	—	—	675	225

Dei tri fyrste åra var seine, medan 1925 var bra tidleg. Det er berre hausta fyrste slått. Eigentleg skulde håen og vore hausta og vege, men det har vore lite etterslått på dette feltet, det vil gjerne verta det på nydyrka myr. Dessutan var dei fleste åra som nemnt, seine, so det var lite hå. Det femte året (1925) viste det seg at feltet var mykje skadd av isbrann, og resultatet frå det år kunde ikkje brukast.

Ved haustinga er utteke bundtar for botanisk analyse, for nærmare å fylgja plantesetnaden utgjennom åra, både med omsyn på dei sådde slag og dei som ettarkvart vil koma inn av seg sjølv. Det er også utført kjemisk analyse av dei ymse reinsådde slag.

Avlingsresultatet frå dette felt er framstilt i tabell 1.

Her er oppført avling for kvart år og samanlagt for alle år med utrekna medeltal. På grunnlag av dei botaniske analysor er utrekna kor mykje av avlingen skriv seg frå sådde og ikkje sådde plantar. Til det er å merka at sjølv om fyresetnaden var at det skulde vera heilt reint såfrø av dei ymse slaga, so er det sikkert at i enkelte frøslag som er vanskelege å reinskja, der har det vore med frø av andre kulturplantar enn dei som skulde vera sådd og som soleis vert å rekna med ikkje sådde slag. Det vil vera rett å rekna med avlingen av det engfrøslag som er sådd, ved samanlikninga millom dei ymse slaga. Totalavlingen er også oppført.

Tabell 2. Relativtal av dei sådde slag i høve til timotei (= 100).

	1921	1922	1923	1924	Avling av sådde slag	Totalavling		
	0/0	0/0	0/0	0/0	Kg. høy	0/0	Kg. høy	0/0
I. Timotei	100	100	100	100	559	100	631	100
II. Blanding	140	130	117	98	670	120	706	112
III. Blanding	113	154	105	79	599	107	627	100
IV. Engsvingel	47	80	66	68	346	62	400	63
V. Hundgras	51	45	43	45	257	46	314	50
VI. Engrapp	48	77	55	58	317	57	384	61
VII. Engrevehale	21	112	70	64	329	56	394	62
VIII. Norsk kvein	51	65	32	55	273	49	415	66
IX. Amerikansk kvein..	61	74	35	62	311	56	492	78
X. Blanding	116	156	101	95	623	111	667	106
XI. Finsk timotei	119	137	102	106	630	113	673	107
XII. Raigras	23	—	—	—	—	—	—	—
XIII. Sausvingel *	41	31	29	—	188	34	206	33
XIV. Stivsvingel *	32	32	26	—	198	35	225	36

* 3 år.

Ta b e l l 2 viser den relative avling for dei ymse slag og blandingar sett i høve til timotei (100) av eigenavl. Det er her

berre teke omsyn til avlingen av dei enkelte slaga, i medeltalet er og rekna relativtal for totalavlingen.

Timotei (*Phleum pratense*) har gjeve den største avling av dei reinsådde slaga, og den finske timotei har stått over timotei av eigen avl, slik at denne har relativtal 113 for alle år i høve til timotei av eigen avl (nr. I). Legg ein totalavlingen til grunn vert høvestalet 107. Den finske timotei har vore mest overlegen dei 2 fyreste åra, dei 2 siste er skilnaden ikkje so stor. Begge timoteistammer har halde seg bra utan større innblandingar gjennom 4 år, 4. året utgjer timoteiprosenten 88 for begge.

Alle andre reinsådde grasslag har lege under timotei i avkastnad og det i ganske høg grad. Og det skal ganske stutt omtala last resultatet for kvart slaget.

Engsvingel (*Festuca elatior*) kjem som nr. 2. Frøet var av dansk avl, og det kann vel i nokon mun forklare at det er so mykje underlegen timotei. Avkastnaden er for alle prøvde slag sett i høve til timotei, og engsvingel kjem ut med eit relativtal for alle åra på 62. Best i høve til timotei har engsvingel stått andre året, men største avlingane er teke 2 siste år. Den har halde seg bra rein gjennom alle år og står i so måte likt med timotei 4. året med 88 % engsvingel i totalavlingen.

Engrapp (*Poa pratensis*) er eit gras som serleg gjer seg gjeldande når enga vert eldre. Det vil gjerne ta noko tid fyrr det gjev full avkastnad. Nokon stor avling har ikkje engrapp gjeve og den står litt under engsvingel på dette felt. I medeltalet kjem den med relativtal 57 i høve til timotei. Engrapp har halde seg bra rein for innblandingar utgjennom åra, litt nedgang er det frå fyrste året, men den er ikkje so stor at den kann tilleggjast noko serleg vekt. Med den veksemåte som engrapp har, er det vel sannsynleg at den heller vilde optaka større plass di eldre enga vert.

Engrevehale (*Alopecurus pratensis*) har i dette forsøk ikkje gjeve serleg stor avling. Det er brukta frø av eigen avl. Reinskinga av dette frø vart mindre god, difor er det brukta dubbelt mengd. Noko ureint har det og vore, og fyrste året har det vore berre ca. halvparten revehale i totalavlingen. Andre året står han over timotei i avling (112 %), likso har prosent revehale i avlingen stige mykje og utgjer 85 % og siste året utgjer denne % omlag 98. So ein ser herav at revehalen har teke seg op etterkvart som åra har gått. Den kjem likevel ikkje ut med meir enn 56 % i avlingsmengd i høve til timotei alle år set under eit (62 % rekna med totalavlingen). Revehalen er slege omlag 3 vikor tidlegare enn timotei. Den er soleis svært tidleg, men den er svært ujamn både når det gjeld skyting og blomstring, so det er urådd å setja nokon fast dag for denne fase i planten si utvikling, då skyting og bløming går for seg gjennom heile somaren. Ved slike tidelege slag som revehale burde håavlingen vore med ved ei slik samanlikning; dette er imidlertid ikkje gjort, då heller ingen andre

grasslag er slege meir enn ein gong. Etterslåtten av revehale viste seg å vera sterkt angrepe av rust, som i høg grad gjer denne av ringare verd. Av avlingstabellen går fram at plantesettningen der revehale er sådd, har vorte meir og meir rein revehale. Den viser seg soleis vera varig.

Kvein (norsk, *Agrostis vulgaris*) har i høve til timotei gjeve 49 % avling; reknar ein med totalavlingen vert relativtalet 66 %. Det viser seg her at det har kome inn mykje andre planter utgjenom åra. I høve til timotei (tab. 2) har kvein stått best andre året og går so tilbake. Den synes å ha vore mindre varig. Den store innblanding av andre planter som kjem meir og meir fram med åra, tyder på at ein del har vore med utseden.

Kvein (amerikansk, *Agrostis stolonifera*) har stått noko betre enn den norske, den viste seg også å vera kraftigare i sin vekst. I høve til timotei gav den største relativ avling andre året, men elles gav denne den største absolut avling første år. For alle år står den like med revehale og engrapp. Totalavlingen kjem nest etter timotei, men det viser seg å vera innblandingar som hever avlingen her som for den norske kvein.

Hundgras (*Dactylis glomerata*) står ikkje høgt i avling, berre 46 % i høve til timotei. Det er kjent at dette gras er svert ømtåleg for frost vår og somar, og dette innverkar på avlingsstorleiken. Første året har det halde seg bra reint, men seinare år har andre planter kome inn, men heller ikkje i so stor mengd. Frøet var av dansk avl.

Raigras (engelsk, *Lolium perenne*) har berre gjeve avling første året. Det har etterpå gått ut, har ikkje vist seg hardført nok. Andre planter har kome inn, mest timotei, som har gjort at avlingen har vorte bra på raigrasrutorne.

Sausvingel og **stivsvingel** har begge gjeve små avlingar som ventande var. Dei er småvaksne og av liten verdi til slätteeng på myrjord. Dei har gjeve berre tredjeparten so stor avling som timotei.

Dei tre prøvd blandingar har gjeve god avling. Timoteien har utgjort størsteparten av utseden og har vore den dominerande i avlingen og. Blanding II (timotei, raud- og alsikekløver) har gjeve største avling og står for alle år med relativtal 120 i høve til timotei reinsådd. Den store skilnad skriv seg serleg frå dei 2 første åra, dei 2 sisste har ikkje blandingen vore so overlegen. Det er kløveren som her har gjort utslaget, og då serleg raudkløveren. Kløveren har ikkje utgjort so stor % av avlingen, men den har vore der alle åra. Den har heldig innverknad på grasslaga i blandingen, og denne heldige innverknad kjem betre fram på nydyrka og kvævetrengjande myr, der den kvævesamlande evna som kløveren har, kjem også grasplantarne til gode. Og her ser det ut som det har verka til auka avling, då kvævegjødslinga sannsynlegvis har vore i minste laget for grasslaga.

Blanding III har mindre timotei i utseden. Det er istaden

sådd engsvingel og hundgras saman med like mykje kløver som II. Denne blanding har ikkje vist seg so god, då timoteien er trengt tilbake. Dei 2 første åra star blandingen over timotei, seinare går den tilbake. For alle år står den med relativtal 107.

Blanding X, timotei, engsvingel og raudkløver, har som dei andre blandingar stått over timotei i avling, serleg dei 2 første åra, dei 2 siste åra å segja likt med denne. Engsvingel har ikkje gjort stort av seg i blandingen.

Det er serleg dei 2 første åra at kløverblandingane har stått over reinsådd timotei. Nokon stor andel i avlingen har ikkje kløveren utgjort. Overvintringa har vore nokonlunde bra og då vil kløver-timotei-blanding gje større avling enn reinsådd timotei.

Eit anna forsøk med ymse grasslag vart lagt i 1924 (felt 81). Det gjekk berre i tre år, då vinteren 1928 øydelagde forsøket. Det låg på same slag myr som det tidlegare omtala forsøk, og attlagt på same vis, med moge bygg som deksed. Den årlege gjødseling pr. dekar var: 15 kg. superfosfat + 20—25 kg. 40 % kalisalt + 15 kg. norgesalpeter (20 kg. i 1925).

På dette felt var 4 engfrøslag til samanlikning, nemleg:

Timotei (eigen avl) 3,5 kg. pr. dekar (Spireevne 80 %, frøet frå 1923 var därleg.)

Svingelfaks (dansk avl) ... 4,0 » —»—

Revehale (finsk avl) 4,0 » —»— (Frøet spirte därleg.)

Engrapp 3,2 » —»—

Det var 3 samrutor, anleggsrute 6×11 m. (66 kvm.) og hausterute 5×10 m. (50 kvm.).

Hausteresultatet er framstilt i tabell 3 og 4.

Her er og på grunnlag av botaniske analysor som er utførde for kvart år, utrekna kor stor del av totalavlingen dei sådde planteslag har gjeve. Dette skulde gje oss det beste oversyn om kor varige og hardføre dei har vore. Men dette forsøk har gått for stutt tid til å gje noko sikkert utslag i so måte.

Timotei har ogso her gjeve høgste avling i medeltal og for kvart året. Den har halde seg bra rein for innblandingar av andre engfrøslag og timoteiandelen i avlingen utgjer 3. året 82 %. Dei planteslag som har kome inn på rutorne er mest alm. rapp (poa trivialis) og kvein (agrostis).

Engrevhale står som nr. 2 med 83 % i høve til timotei. På grunn av därlegt frø gav den liten avling første året, men avlingen har auka og står tridje året på høgd med timotei, når berre omsyn til dei sådde planteslag vert teke. Noko større innblanding av andre engplantar har det ikkje vore, og det meste innblanding har vore timotei. Då det vel ofte er slik at frøet av revehale er mindre godt, vil avlingen det første år gjerne vera liten, men den synest å ta seg op ganske snart utgjenom åra.

216 SAMANLIKNING MILLØM REINSADDE ENGVEKSTER

Tabell 3. Felt 81. Høyavling i kg. pr. dekar for sådde og ikkje sådde engfrøslag, med avlingsandel i prosent.

	1925		1926		1927		1925/27 Sum Medel- tal	
	0/0	kg.	0/0	kg.	0/0	kg.		
I. Timotei	89	638	86	484	82	503	1625	542
Ikkje sådde slag	11	79	14	79	18	111	269	90
	100	717	100	563	100	614	1894	632
II. Svingelfaks	76	514	46	196	58	399	1109	370
Ikkje sådde slag	24	162	54	230	42	289	681	227
	100	676	100	426	100	688	1790	597
III. Engrevehale	88	368	87	468	88	504	1340	447
Ikkje sådde slag	12	50	13	70	12	69	189	63
	100	418	100	538	100	573	1529	510
IV. Engrapp	73	307	65	283	68	409	999	333
Ikkje sådde slag	27	114	35	152	32	192	458	153
	100	421	100	435	100	601	1457	486

Tabell 4. Felt 81. Relativtal av sådde slag i høve til timotei (= 100).

	1925	1926	1927	Medeltal
			Sådde slag	Total- avling
Timotei	100	100	100	100
Svingelfaks	81	41	79	68
Engrevehale	58	97	100	83
Engrapp	48	58	81	61
				77

Svingelfaks (*Bromus inermis*) kjem med 68 % avling i høve til timotei, medan totalavlingen har vore 94 %. Her har vore noko mykke innblanding, mest av timotei, dessutan litt kvein og alm. rapp, og dei sisste år noko revehale. Det har gjeve største avling første året, og står dårleg det andre, noko betre tridje året. Frøet, som var av dansk avl, har kanskje ikkje vore hardført nok under tilhøva her. Plantarne synest elles å ta seg betre op etterkvart, noko som dette gras med sin veksemåte, med rotutlauparar, kann gjeva forklaringa på. Elles er dette forsøket for stuttvarig til å visa om kor varigt det kann vera. Resultatet av eldre forsøk viser at det er mest umuleg å få ut av jorda når det først har fått «fotfeste».

Engrapp har gjeve minste avling i medeltal. Det viser seg at avlingen av denne aukar med åra, set i høve til timotei, og utgjer 81 % tridje år mot 48 % fyrste år. I medeltal utgjer avlingen av engrapp 61 %. Det har vore mykje innblanding av andre engfrøslag, av timotei, kvein og revehale; revehalen har serleg kome inn siste året. Den rikelege utvikling av rotutlauparar hos engrapp gjer at den liksom svingelfaks vil halde seg godt når den fyrst har fått godt feste. Difor ser vi at i eldre eng vil gjerne engrapp utgjera storparten av grasslaga på denne myrtypen, og ofte er planterne kome inn i enga (eller beitet) ved sjølvsaing og utbreiding ved rotutlauparar.

Ta bbell 4 viser den relative avling i høve til timotei (100) av sådde slag dei enkelte år og medeltal, og dessutan medeltal for totalavlingen. Om ein held seg berre til totalavlingen, har svingelfaks stått som nr. 2 og kjem då op imot timotei sin avkastnad, men det vil av det som er sagt framfor vera gale i dette tilfelle, det er dei andre planteslag som har vore orsak til dette. Om dei sådde slag går ut eller kjem dårleg, vil andre planteslag som trivst betre, koma inn i staden.

Året 1925 vart etterslatten (håen) hausta på dette felt 12. september. Høyavlingen var god, som nedanståande oversikt viser:

Kg. turr hå pr. dekar:

	Total- avl	Avl av sådde slag	Relativ avl
Timotei	452	402	100
Svingelfaks	352	268	67
Engrevehale	347	305	76
Engrapp	398	291	72

Timotei har også gjeve den største hå-avling dette året, dinest revehale, so engrapp og minst svingelfaks, når ein tek omsyn til berre dei sådde slag. (Det er då rekna med same botanisk samansetnad som fyrste slått.) Engrevehale viste seg å vera mykje angrepe av rust og mykje vissen, noko som mest alltid er tilfelle for dette engfrøslag for etterslatten. Det ser ut som revehale og engrapp har told hå-slatten betre enn svingelfaks og timotei, når ein ser på avlingen frå fyrste slått året etter. Den låge avling for svingelfaks då, kann i nokon grad tilskrivast hå-slatten hausten fyreåt.

Eit tridje felt vart lagt 1919 (felt 76). Her var brukta grønför som oversed, og det var forsøkshausta i 4 år. Gjødslinga pr. dekar og år var 20 kg. superfosfat + 20 kg. 40 % kalisalt + 15—20 kg. salpeter. Her er samanlikna følgjande slag og blandingar:

- | | | |
|---------------------------------|---|-------------|
| I. Timotei (eigen avl) | 3 | kg. pr. da. |
| II. Engsvingel (dansk avl) | 4 | » — |

Tabell 5. Felt 76. Høyavl i kg. pr. dekar for sådde og ikke sådde engfrys slag, med avlingsandel i prosent.

	1920	1921	1922	1923	1920/23
	%	kg.	%	kg.	%
I. Timotei	98	564	95	794	91
Ikkje sådde slag	2	11	5	42	9
	100	575	100	836	100
				532	100
				806	806
				2749	687
II. Engsvingel	96	480	90	501	66
Ikkje sådde slag	4	20	10	56	34
	100	500	100	557	100
				320	320
				100	100
				517	517
				1894	473
III. Timotei	84	496	72	624	80
Engsvingel	5	30	8	69	10
Hundgras	4	24	13	113	7
Raudklover }	6	35	3	26	2
Alsikeklover }	1	6	4	34	1
Ikkje sådde slag	100	591	100	866	100
				488	488
				100	100
				755	755
				2700	2700
				674	674
IV. Timotei	84	464	78	678	83
Engsvingel	8	44	7	61	10
Hundgras	5	28	13	113	6
Ikkje sådde slag	3	17	2	17	1
	100	553	100	869	100
				461	461
				100	100
				768	768
				2651	2651
				662	662

III.	B l a n d i n g:					
	Timotei	1,5	kg.			
	Engsvingel	0,75	»			
	Hundgras	0,75	»			
	Raudkløver	0,40	»			
	Alsikekløver	0,40	»			
				3,8	kg. pr. da.	
IV.	B l a n d i n g:					
	Timotei	1,90	kg.			
	Engsvingel	0,95	»			
	Hundgras	0,95	»			
				3,8	»	—

Det er bruka 6 samrutor; hausterute 100 kvm. Tabell 5 syner resultatet.

Tabell 6. Felt 76. Relativtal av sådde slag i høve til timotei (= 100).

	1920	1921	1922	1923	Sådde slag	Medeltal Total- avling
I. Timotei	100	100	100	100	100	100
II. Engsvingel	85	63	44	43	59	69
III. Blanding	104	105	101	100	103	98
IV. Blanding	95	107	96	101	100	96

Timotei viser seg og på dette felt å stå best i samanlikning med engsvingel. Dette gjeld alle år. Den har halde seg bra rein for innblandingar, i 4. engår utgjer timoteien 88 % av totalavlingen.

Engsvingel har fyrste året gjeve bra avling — 85 % — i høve til timotei, men største avling gav den andre hausteåret for so å ta ganske sterkt av og utgjer 4. engår 59 % i høve til timotei. Det har kome inn andre engfrøslag i ganske sterk grad. Frøet var av dansk avl, og dette vil forklare at den er so mykje underlegen. Engsvingel har mykje lettare for å gå i legd enn timotei, ein slem mangel ogso for engfrøslag.

Ettersom det på dette felt ogso er medteke 2 blandingar av engvekster, skal dei stutt omtalast.

Blanding III står over timotei i avkastnad dei 2 fyrste år, og det er kløveren — raud- og alsikekløver — som har gjort dette utslag. Dei 2 sissste åra går denne blanding tilbake og står under timotei i avkastnad når det vert rekna med totalavlingen. Kløveren har då gjort svert lite av seg og er ikkje meir å rekna med. Kiøverprosenten i denne blanding var 35 % fyrste år og 26 % andre år.

Blanding IV — utan kløver — står å segja likt med reinsådd timotei i medeltal. Det er berre andre hausteåret at den står noko

over. Timotei har for begge desse blandingar utgjort størstedelen av høyavlingen. Visstnok har den utgjort störstedelen av utseden, men avlingsandelen er mykje større enn utsedandelen, og avlingsandelen for timotei utgjer sisste engåret ca. 75 % av totalavlingen.

Engsvingel og hundgras har ikkje auka avlingen noko utover det timoteei i reinsådd har kunna gjeva. Hundgras har i dei 2 våte år — 1921 og 23 — gjort meir av seg enn dei 2 andre år.

I samanheng med det som er omtala, skal her nemnast noko om dei engfrøforsøk som det vart gjeve utgreiding om av Jon Lende-Njaa i melding for 1916—17. Det eine av felta (46) heldt fram til 1931 — ialt 7 år, og det andre (61) til 1922 — ialt 8 år, men vert medteke berre til 1920 og 1921. Gjødslinga har vore likt gjennom alle åra, nemleg desse mengder pr. dekar: 20 kg. superfosfat + 20 kg. kalisalt + 20 kg. salpeter. Samrutorne 4 stk., og storleiken 25 kvm. hausterute.

For plassen si skuld skal berre takast med tabellen for dei relative avlinga av dei sådde slag i høve til timotei, altso ikkje heile avlingen som har vore på ruta. I eit par rubrikkar til slutt er medteke medelavl pr. dekar av sådde slag og totalavlingen. På denne vis skulde ein og få eit bilet av den avlingsmengd kvart engfrøslag har gjeve.

Resultatet er framstilt i tabellane 7 og 8, og då dei 2 felt ikkje viser svert store skilnader, skal dei takast under eitt.

Tabell 7. Felt 46. Relativavl av sådde slag i høve til timotei (= 100).

	1915	1916	1917	1918	1919	1920	Medeltal		Kg. pr. dek.	
							Sådde slag	Total-avling	Av sådde slag	Total-avling
Timotei	100	100	100	100	100	100	100	100	680	707
Engsvingel	60	68	25	10	12	1	31	68	211	481
Hundgras	19	30	4	11	1	0	12	55	80	391
Engrevehale	60	72	105	44	122	87	80	83	541	585
Svingelfaks	77	76	40	18	78	93	62	85	419	601
Strandrør	33	76	3	7	12	3	24	65	162	460
Jædersk raigras..	24	0	0	0	0	0	4	56	29	397
Markrapp	43	26	13	29	12	38	27	46	182	325
Engrapp	32	123	68	84	71	69	75	77	511	541
Raudsvingel	30	69	66	61	55	61	57	57	387	406
Fjoringras	34	45	11	15	10	0	20	66	138	466
Timotei, russisk..	86	80	91	81	20	13	65	83	445	587
Timotei, finsk ...	117	87	103	88	110	97	100	99	678	700

Tabell 8. Felt 61. Relativavl av sådde slag i høve til timotei (= 100).

	1916	1917	1918	1919	1920	1921	Medeltal		Kg.pr.dek., medeltal	
							Sådde slag	Total-avling	Av sådde slag	Total-avling
Timotei	100	100	100	100	100	100	100	100	670	695
Engsvingel	36	63	41	17	38	33	38	68	253	470
Hundgras	23	31	8	4	34	37	21	58	144	400
Engrevehale	29	47	51	72	80	86	62	73	415	508
Svingelfaks	17	32	17	25	84	85	42	85	283	590
Jædersk raigras..	22	0	0	0	0	0	0	0	—	486
Engrapp	26	98	68	57	54	43	60	66	401	460
Markrapp	26	39	26	19	40	53	33	54	223	372
Raudsvingel	18	84	52	51	61	85	60	66	401	463
Fioringras	6	42	23	1	7	11	25	68	170	472

Timotei har på begge felt stått som ein god nr. 1, og det viser seg at han har gjeve omlag like stor avling i medeltal på begge felta. Innblanding av andre slag har vore lite, og timoteiprosenten ligg frå 85 til 89 % for timotei av eigen avl 6. hausteåret. Når i det heile timotei har kunne halde seg so godt i enga, so kjem dette mykje av at etterslåtten har dei fleste år fått stått urørt. Ved slått og beiting vilde han sannsynleg ha gått sterkare tilbake. På felt 46 har også finsk og russisk timotei vore med. Då det her syner seg nokon skilnad i avkastnad og varigheit millom deim, skal vi ta ut dei relative avlings-tal for dei tri timoteislag under dei 6. hausingsår. (Medelavling sett = 100.)

	Timotei eigen avl	Finsk timotei	Russisk timotei
Alle hausteår (medeltal) ...	100 (680 kg.)	100 (678 kg.)	100 (445 kg.)
1. —»—	104	128	137
2. —»—	111	97	135
3. —»—	110	114	153
4. —»—	108	95	134
5. —»—	86	92	25
6. —»—	86	81	16

Her ser ein at timotei av eigen avl og finsk timotei har halde seg nokonlunde jamt utover åra. Den finske har vore noko meire ujamn, den står høgst første år. Den russiske har halde seg godt dei fire første år, men fell etterpå fort av.

Med omsyn til storleiken av avlingen dei enkelte år, so vil det gå fram av tabellen, der timotei av eigen avl er sett lik 100. Den relative medelavling stiller seg slik:

Timotei av eigen avl	100
Finsk timotei	100
Russisk timotei	65

Den russiske timotei har vist seg underlegen, rimelegvis av den grunn at frøet er avla under andre og betre klimatiske vilkår enn dei som er her.

Dei andre grasslag har vore mykje underlegen overfor timotei. Dette er tilfelle for begge felta. På felt 61 var avlingen fyrste året — 1916 — svert liten, timotei var etter måten bra (441 kg. pr. da.). Tilleggsåret — 1915 — var vanskeleg, og engplantarne fekk ikkje veksa seg sterke nok mot vinteren, og dette har innverka på avlingen året etter. Frøet var mest av utanlandsk avl og av den grunn mindre godt skikka.

Engsvingel (dansk) har gjeve mykje mindre avling enn timotei på begge felt. Fyrste og andre året står den ganske bra, men tek seinare fort av.

Hundgras (dansk) har greidd seg noko betre på felt 61 enn på felt 46, men har på begge felt gjeve liten avling og står i same fylgd med medeltal 21 og 12 % i høve til timotei. Det er andre grasslag som har kome inn og gjort at totalavlingen har vorte ganske bra. Hundgras har under våre tilhøve vist seg å vera lite hardført, og dette har vel mykje sin orsak i at frøet har vore av dansk avl.

Engrevehale (finsk) står ganske bra, noko betre på felt 46 enn 61. På det fyrste har han enkelte år stått på høgd med timotei men kjem i medeltalet ut med 80 %, på 61 med 62 %. For begge felt ser ein at avlingen aukar relativt med åra, slik at 6. året utgjer avlingen 87 og 86 % av timoteien sin avling, og dersom forsøket hadde gått lenger, er det sannsynleg at den hadde slått ut denne.

Svingelfaks (dansk) har ikkje kunna hevda seg mot timoteien på desse felt. Serleg dårlig står det på felt 61. Vi ser at også dette gras har evne, liksom revehale, å ta seg op utover åra, om avlingen kann ha vore mindre dei fyrste år.

Strandrør har liksom svingelfaks rotutlauparar som gjer at det held seg godt når det eingong har fått festa seg. Det har gitt liten avling og har ikkje vore serleg hardført. Det gir grovt høy.

Jæderskræigras har berre gjeve avling fyrste år og vert seinare burte. Det er for lite hardført.

Engrapphar stått millom dei besste etter timotei, men kjem ikkje op imot denne i avling. I 6. engåret utgjer avlingen 40 % på det eine og 69 % på det andre felt i høve til timotei. Avlingen av sådde slag og totalavlingen viser at det har halde seg bra for inn-

blanding av andre grasslag utetter åra og vore både hardført og varig.

Raudsvingel viser det same som engrapp, at den held seg godt i enga utetter åra og tek seg op etterkvart. Den har også rotutlauparar som gjer at den vil verta varig når den fyrst har festa seg. Avlingen er ikkje stor, men har på eit felt stått likt med engrapp, på den andre noko under denne. I høve til timotei kjem den ut med 57 og 60 % i medeltalet for dei 2 felta.

Markrap har gjeve liten avling. Det ser ut som den har halde seg ganske bra, men vil ha let for å verta undertrykt av kraftigare grasslag. Graset har lett for å gå i legde, og soleis lite skikka i slåtteng. Dette graset vil som ofta vera det fyrste som vil koma inn på snauflekkjer etter legde i åkeren eller og isbrand.

Fioringras (*Agrostis vulgaris*) har gjeve dårleg avling på begge felt, sannsynlegvis mykje av den grunn at frøet har vore av utanlandsk avl og difor lite hardført. I eldre eng er det ofte dette grasslag som kjem inn, saman med engrapp, når timoteien minkar av. Ofte vil det og koma inn på mindre god myr og på veikt gjødsla myr, serleg ved mangel av fosfat. På desse felt er det andre planteslag som har gjort at totalavlingen har vorte ganske bra. Fioringraset utgjer i medeltal berre 20 og 25 % av timoteiavlingen.

Etter det som er framhalde her, har timotei vore absolut overlegen i avlingsmengd av dei her prøvde grasslag, i stuttvarig eng — 3 til 6 år. Frøet av denne har vore av eigen avl, og har soleis den fordel å vera avla under dei klimatiske tilhøve det skulde brukast under. Dei fleste andre grasslag har vore av utanlandsk avl, enkelte av finsk avl (finsk timotei, revehale) har vist å gje bra avlingar, medan det andre frø (mest dansk avl) ikkje har kunna gje tilfredsstillande avlingar på denne jord. Engfrøslaga som er samanlikna med timotei, vil som ofta vera denne underlegen i massevkastnad, men ved bruk av frø som er avla under liknande klimatiske tilhøve som timoteien her er avla under, vilde utvilsamt ha gjeve eit betre resultat.

Vi skal her ta eit oversyn over minste og største medelavling som dei ymse grasslag har gjeve på desse felt. Avlingstala er berre for dei sådde slag sin andel i avlingen.

	<i>Kg. høy pr. dekar:</i>	
	<i>Minste</i>	<i>Største</i>
Timotei (eigen avl)	542	680
Timotei (finsk, 2 felt)	630	678
Timotei (russisk, 1 felt)		445
Engrevehale	329	541
Engrapp	317	511
Svingelfaks	283	419
Raudsvingel	387	401

Tabell 9. Kjemisk analyse over næringsinnhalten i ymse engplantar (frå felt 112). (Høy med 15 % vatn.)

	År	ASKe	Fett	Protein	Samansettning av proteinet	
					Kvædefri eksaktetemne	Plantetrevlar
1. Timotei	1921	3,01	1,40	3,27	26,99	50,33
	22	3,27	1,21	4,53	32,11	43,88
	23	3,61	1,33	5,20	27,65	47,21
	24	3,34	1,30	5,31	30,48	44,58
	25	3,39	1,73	6,80	34,52	38,56
	Meddeltal	3,32	1,39	5,00	30,35	44,91
2. Engsvingel	1921	4,98	1,13	4,23	27,93	46,73
	22	4,16	1,15	4,22	34,80	40,67
	23	4,37	1,34	5,80	31,40	42,09
	24	4,82	1,19	5,23	32,44	41,32
	25	5,64	1,57	5,54	34,96	37,29
	Meddeltal	4,79	1,28	5,00	32,31	41,62
3 Hundgras	1921	5,50	2,09	6,62	29,19	41,60
	22	4,02	2,13	6,56	31,68	40,60
	23	5,44	2,10	6,55	31,30	39,61
	24	5,45	1,84	8,50	31,47	37,73
	25	6,60	2,44	6,49	30,18	39,29
	Meddeltal	5,40	2,12	6,95	30,76	39,77
4. Engrevehale	1921	4,59	1,42	6,66	31,54	40,79
	22	4,75	1,76	5,64	27,09	45,76

					Umelte- leg egg- kvite- melte- Amide-	Umelte- leg egg- kvite- melte- Amide-	Umelte- leg egg- kvite- melte- Amide-
					35,17	20,53	43,27
					14,68	20,00	22,31
					57,89	40,67	44,83
					2,38	2,10	2,25
					1,16	1,96	1,04
					50,15	36,20	47,39
					0,48	0,77	0,95
					1,64	2,75	2,24
					1,98	1,04	1,02
					1,15	0,50	1,72
					0,93	0,92	1,25
					0,48	0,89	0,89
					54,84	54,84	54,84
					21,04	21,04	21,04
					24,11	24,11	24,11
					40,76	40,76	40,76
					21,55	15,86	15,86
					13,96	13,96	13,96
					37,90	26,90	30,70
					32,80	32,80	32,80
					34,60	34,60	34,60
					41,62	27,63	27,63
					33,18	33,18	33,18
					36,21	29,28	29,28
					34,53	29,00	29,00

23	4,89	1,90	8,45	29,21	40,50	4,69	0,66	3,10	55,50	7,82	36,68
24	5,08	1,74	6,72	28,83	42,63	2,89	1,15	2,68	43,00	17,11	39,89
25	4,75	1,91	6,67	27,96	43,72	3,33	0,56	2,78	49,93	8,40	41,67
Medeltal	4,81	1,75	6,83	23,91	42,68	3,26	1,04	2,53	47,73	15,23	37,04
5. Kvein	1921	5,42	1,26	6,31	29,40	42,61	2,03	1,41	2,87	32,17	22,35
22	4,48	1,32	6,82	32,13	40,25	2,08	1,60	3,14	30,50	23,46	46,04
23	4,71	1,47	7,84	28,83	42,15	3,88	1,26	2,70	49,50	16,07	34,43
24	4,86	1,58	7,60	29,86	41,12	2,52	1,71	3,37	33,16	22,50	44,34
25	4,62	1,32	7,13	29,51	42,42	2,76	0,47	3,90	38,71	6,60	54,69
Medeltal	4,82	1,39	7,14	29,95	41,71	2,65	1,29	3,20	37,11	18,07	44,82
6. Engrappt	1921	3,62	1,23	4,90	27,59	47,66	2,16	1,26	1,48	44,08	25,71
22	3,76	1,94	5,82	29,87	43,61	1,96	1,36	2,50	33,68	23,37	42,95
23	4,13	1,41	7,81	29,62	42,03	4,63	1,05	2,13	59,28	13,44	27,28
24	4,17	1,68	9,42	26,95	42,76	3,70	2,14	3,58	39,28	22,72	38,00
25	4,71	1,58	7,84	32,01	38,86	3,26	2,12	2,46	41,58	27,04	31,38
Medeltal	4,08	1,57	7,16	29,21	42,98	3,14	1,59	2,43	43,85	22,21	33,94
Sausvingel	1921	2,88	1,58	5,32	27,67	47,55	2,78	0,97	1,57	52,25	18,23
22	2,66	1,29	5,24	32,72	43,08	1,69	1,06	2,49	32,25	20,23	47,52
Stivsvingel ...	1921	2,64	1,45	4,51	27,17	49,23	2,11	1,15	1,25	46,78	25,50
Raigras	1921	3,31	1,20	4,78	27,55	48,16	2,26	1,41	1,11	47,28	29,50
Raudklover ...	1921	6,03	1,21	10,42	33,11	34,23	4,07	2,05	4,30	39,06	19,67
Alsikeklover	1921	6,78	1,00	11,25	33,30	32,67	5,59	2,25	3,41	49,69	20,00
Medeltal av 1 til 6	4,54	1,58	6,34	30,25	42,28	2,74	1,28	2,34			

	<i>Kg. høy pr. dekar:</i>	
	<i>Minste</i>	<i>Største</i>
Engsvingel	211	374
Kvein (amerikansk)		311
Kvein (norsk)		273
Hundgras	80	257
Strandrør		162
Stivsvingel		198
Sausvingel		188

Totalavlingen har vore større, delvis mykje større, på grunn av dei andre grasslag som har utfylt plassen gjenom åra.

Kjemisk analyse over næringsinnhaldet i dei ymse engvekster.

Ved Statens kjemiske kontrollstasjon i Trondheim er det utført kjemisk analyse frå ein del av forsøka med engvekster. Frå felt 112 er det utført for 5 år for 6 grasslag og 1 år for ein del andre. Likeso er det frå felt 46 i år (1917) utført analyse for 7 grasslag. Prøvene til analyse er teke når engvekstene vart slege (ved bløminga). Resultatet frå felt 112 går fram av tabell 9. Sist i tabellen er teke eit medeltal for dei 6 grasslag som det er utført analyse av gjennom 5 år, for samanliknings skuld.

Askeinnhaldet svingar nokso mykje millom grasslaga. Timotei, raigras, stivsvingel og sausvingel har lågt innhald. Hundgras har høgste askeinnhald, 5,4 %, medan dei andre har middels millom 4 og 5 %.

Feittinhaldet er det ikkje so svert stor skilnad på. Hundgras har høgste innhald — 2,12 % — i medeltal, engsvingel og raigras har lågt askeinnhald, dei andre middels, litt over eller litt under 1,5 %.

Proteininhaldet svingar noko millom dei ymse åra, og det er ganske stor skilnad millom grasslaga. Timotei og engsvingel har ganske lågt proteininhald, 5 % i medeltal for 5 år. Engrapp og kvein står høgst med 7,16 % i medeltal, hundgras 6,85 og engrevehale 6,83 %. Med omsyn til samansettningen av proteinet viser det seg at engrevehale har det største innhald av melteleg eggekvite og ganske lite amider. Engrapp kjem like etter, men har større amidinhald. Timotei og engsvingel har relativt sett høgt innhald av melteleg eggekvite og lite amidinhald. Hundgras viser relativt lite innhald av melteleg eggekvite og høgt amidinhald. Kvein (norsk) som hadde so stort proteininhald, viser at relativt lite av innhaldet er melteleg eggekvite; amidinhaldet er og lågt, medan innhaldet av umelteleg eggekvite er størst hos dette grasslag.

Innhaldet av råtrevlar svingar ikkje so svert mykje. I medeltal ligg det omkring 30 %, og det viser høgste innhald hos engsvingel — 32,31 % — minst hos revehale — 28,91 %.

Kvælefrie ekstraktemne viser ganske store skilnader. Timotei har det høgste innhald med 44,91 %. Det lågste har hundgras — 39,77; dei andre ligg millom 41 og 43 %.

For stivsvingel, sausvingel og raigras er det so få analyisor at ein kann ikke få nokor god samanlikning med dei andre slag. Men dei analysor som er, synest å visa at dei ikkje står framom dei andre med omsyn på næringsinnhald.

For raud- og alsikekløver er det analyse for eit år — 1921. I samanlikning med grasslaga viser det høgt aske-, protein- og trevleinnhald, lågt innhald av feitt og kvælefrie ekstraktemne.

Felt 112 låg på nydyrka og lite molda grasmyr, og dette har sannsynlegvis innverka noko på resultatet. Felt 46 var lagt på betre molda og ca. $\frac{3}{4}$ m. djup grasmyr. Resultatet av analysene frå dette felt går fram av tabell 10.

abell 10. Kjemisk analyse over næringsinhaldet i ymse grasslag
frå felt 46 (1917). (Høy med 15 % vatn.)

Aske	Feitt	Protein	Plantetrevlar	Kvælefrie ekstraktemne	Samansettnad av proteinet			Prosent av proteinet			
					Melte- leg egg- kvite	Amider	Umelte- leg egg- kvite	Melte- leg egg- kvite	Amider	Umelte- leg egg- kvite	
timotei (finsk) 3,41	1,67	8,55	32,14	39,22	4,17	1,86	2,52	48,77	21,76	29,47	
ngsvingel	5,68	1,72	10,69	30,19	36,72	5,41	2,38	2,90	50,61	22,26	27,13
ngrevehale ..	5,03	1,70	10,86	29,07	38,34	5,59	2,44	2,83	51,47	22,47	26,06
arkrapp	5,60	1,81	13,32	27,02	37,25	6,47	3,32	3,53	48,57	24,93	26,50
ngrapp	3,38	1,62	8,86	28,94	42,40	4,42	1,58	2,86	49,89	17,83	32,28
audsvingel ..	4,41	1,58	10,98	29,15	38,88	4,84	3,08	3,06	44,08	28,05	27,87
fioringras	4,21	1,76	10,77	28,35	39,91	5,39	2,38	3,00	50,05	22,10	27,85

Innhaldet av aske, feitt og trevlar skil seg ikkje so mykje ut ifrå felt 112, men derimot er proteininnhaldet mykje høgre hos alle plantar her, og innhaldet av kvælefrie ekstraktemne lågare. Det høgre innhald av protein skriv seg mykje frå at myra var betre molda og dermed større tilgang på kvæve. Ei kvævegjødsling vil som regel auka innhaldet av protein i planten. Det viser seg at engsvingel her har fått høgre proteininhald enn timotei og at engrapp ikkje har stort større innhald enn timotei. Elles er det tri slag som ikkje var med på felt 112. Det er markrapp, raudsvingel og fioringras. Markrapp har eit høgt innhald av melteleg eggkvite —

høgst av alle —, likeso av amidær. Raudsvingel eit medels innhald av protein i høve til dei andre grasslag, innhaldet av melteleg eggekvite relativt lågt og amidinnhaldet høgt. Fioringras skulde vera det same som kvein, men det syner her nokon skilnad i innhaldet. Proteininnhaldet er medels, men det har ganske høgt innhald av melteleg eggekvite og medels amidiinnhald.

Elles er det å segja om analysen for grasslaga for dette år at dei viser alle uvanleg høgt innhald av protein, skilnaden er svert stor i samanlikning med felt 112.

Frå 1920 har vi to analyisor av timoteihøy og timoteihå utført ved Statens kjemske kontrollstasjon i Oslo. Innhaldet i prosent var fygjande:

	Timotei hausta 17/7—20	Timoteihå ^a hausta 15/9—20
Vatn	15,00	15,00
Aske	3,01	5,88
Feitt	1,31	2,28
Plantetrevlar	40,13	26,55
Kvævefrie ekstraktemne ..	34,54	31,89
Protein	6,01	18,40
	<hr/> 100,00	<hr/> 100,00
Melteleg eggekvite	1,73	5,79
Amider	1,83	6,42
	<hr/> 3,56	<hr/> 12,21
Melteleg protein	2,45	6,19
	<hr/>	<hr/>

Hå-avlingen var svert liten dette år, berre 680 kg. rått gras pr. dekar, eller ca. 170 kg. turr hå.

Analysen viser kor stor skilnad det er på den prosentiske samansettnd av høy hausta i blømingstadiet og hausta på eit tidlegare utviklingstrin, og kor verdifullt gras håen er, anten den vert brukt som høy eller vert beita.

Samandrag.

Forsøka som her er omtala, er utført på starr-grasmyr ved Det norske Myrselskaps forsøksstasjon. Myra er ikkje kalka (pH 5—5,5). Feltet er gjødsla kvart år, og mengderne går fram av omtalen framantar. Timoteifrø av eigen avl er brukta på alle felt, dessutan finsk timotei og russisk er prøvd. Det andre engfrø har for det meste vore av utanlandsk (mest dansk) avl. På eit felt er brukta revehale av eigen

avl og alm. handelsvare av norsk kvein. Beiting er ikkje utført på felta, og berre enkelte år er håen slege.

Timotei har her, som i tidlegare forsøk, gjeve den største og sikraste avkastnad av dei prøvdé slag i stuttvarig eng (3 til 6 år). Frø av eigen avl og finsk timotei har stått omlag jamnt, enkelte år og felt har gjeve større avkastnad for den finske enn vår eigen. Russisk timotei har vist seg underlegen. Timotei gjev også bra hå-avling når første slått kann verta gjort tidleg. Innhaldet av aske og protein er relativt lite, men relativt høgt innhald av melteleg eggekvite, medels av feitt og trevlar og høgt innhald av kvævefrie ekstraktemne.

Engrevehale har gjeve bra avling, men noko mindre enn timotei. Den er varig og hardfør og vil gjerne gi større avling når enga vert eldre, enn i første engåra. Det er ikkje godt å få bra frø av han. Skal ein få det reint, må det helst rispast. Den har lett for å verta angrepen av rust ved for sein slått, og håen har likeeins lett for å verta rustfengd. Tidleg slått må til, og kann då oftast få 2 slett. Høver ikkje i blanding med andre slag, fordi den er so tidleg. Revehale har sin verdi serleg i strøk med stutt veksttid. Den har ganske høgt innhald av aske, feitt og protein og relativt mykje melteleg eggekvite, lågt trevleinnhald og medels med kvævefrie ekstraktemne.

Engrapphar og gjeve nokso bra avling, men står mykje tilbake for timotei og litt tilbake for revehale. Etterkvart som enga vert eldre, vil avlingen auka noko, mot dei første engåra. I eldre eng vil oftast engrapp vera dominerande plante på denne slags myr. Den høver elles ikkje i kunsteng som varer stutt tid. Veksemåten med underjordiske rotutlauparar gjer at den vil verta varig plante i enga. Den gjev eit godt beitegras og tåler sterkt beiting. Askeinnhaldet er heller lågt, feitt, trevlar og kvævefrie emne medels, og med høgt proteininnhald og relativt høgt innhald av melteleg eggekvite og amider.

Svingelfaks har ikkje vore serleg hardført, og av den grunn har heller ikkje avlingane vore svert store; men har den først fått festa seg, vil den verta varig på grunn av sine underjordiske utlauparar. Høver av den grunn ikkje i stuttvarig kunsteng, då graset vil opptre som slemt ugras i korn og rotvekstaker. Bør difor berre brukast til eng som ikkje skal pløgjast om. Det gjev lite hå. Eldre analysor viser at høyet har bra næringsinnhald.

Kvein (fioringras) har gjeve liten avling til slått på denne jord. Den amerikanske står litt betre enn den norske. Dette grasslag vil av seg sjølv gjerne koma inn i eldre eng og på mindre god myr, og ofte der det kann vera lite tilgjengeleg fosforsyra. Frøet har ikkje vore serleg hardført. Aanalyser av høy av norsk kvein viser høgt innhald av aske og protein, av proteinet er relativt lite melteleg eggekvite og medels amider, og høgt innhald umelteleg eggekvite. Askeinnhald er høgt og trevle- og kvævefrie emne omlag medels.

Raudsvingel vil som regel ikkje gjeve stor avling til slått, har delvis kome på høgd med engrapp, men vil oftast stå tilbake

for denne. Den er hardfør og varig, då den som engrapp ved rotstokkar har lett for å breida seg. Vild raudsvingel har lett for å breida seg på denne myr, og kjem fort i naturlege beite som vert gjødsla. Eit års analyse viser større innhald av aske og protein enn engrapp, av proteinet er mykje som amider og relativt lite av det som melteleg eggekvite (omlag som engrapp).

E n g s v i n g e l har gjeve liten avling og har vore lite varigt og hardført. Avlingen står best dei fyrtse åra, og har seinare teke fort av. I næringsinnehald står den omlag som timotei. Går lett i legde.

H u n d g r a s har og gjeve svert liten avling, har vist seg lite hardført og lite varig. Innhaldet av aske, feitt og protein er høgt, med relativt lite melteleg eggekvite og mykje amider. Toler lite av vår- og somarfrost.

M a r k r a p p (alm. rapp) gjev liten avling og er uvarig, den vil lett trengjast til side av kraftigare grasslag. Går lett i legde. Den kjem ofte inn i flekkjer som har vore «røyta» ut av legda i åkeren. Analysen viser sers høgt innhald av protein, og dette igjen mykje melteleg eggekvite og amider.

S t r a n d r ø r optrer stort sett som svingelfaks, men har gjeve mykje mindre avling. Høver ikkje i kunsteng, og gir eit svert grovt fôr.

R a i g r a s (engelsk) har vore lite hardført og uvarig, og har gått ut etter eit års avling.

S t i v - o g s a u s v i n g e l gjev liten avling og har ingen verd til kunsteng på myrjord.

*

Forutan ved Myrselskapets forsøksstasjon på Mæresmyra har vi hatt forsøk med ymse grasslag spreidd utover landet. Eit oversyn over desse forsøk vert gjeve av assistent A. H o v d.

KARTLEGNINGEN FRA LUFTEN AV HJELME HERRED SOMMEREN 1935.

Av *ingeniør N. K. Dahl*.

I året 1934—35 blev det ført forhandlinger mellom Det norske Myrselskap og den Fotografiske avdeling av Widerøes flyveselskap for å komme igang med kartlegningen fra luften. Arbeidet skulde legges slik an at Myrselskapet kunde anvende kartene i sine undersøkelser over myrene i Norge.

Våren 1935 var forhandlingene kommet så langt at det blev besluttet å igangsette arbeidet. Til «prøvefelt» blev valgt Hjelme herred i Øigaren utenfor Bergen, idet Myrselskapet her skulle gå igang med undersøkelser over brenselsførrådet. Den tekniske modell som